

# Ein utislørt Gud III

Lyngdal 22.07.2017

Alle skjermbilde på [imf.no/erik](http://imf.no/erik)

## **Bakgrunnen for disse tre timane:**

**2.Kongebok 17:9** «Og Israels-borna tilslørde Herren sin Gud med ord som ikkje var rette».

**I forlenging av gårsdagens tema, les vi i**

**Josva 11:19-20** «Det var ikkje nokon by som gjorde fred med israellittane, utan hevittane som budde i Gibeon. Dei tok alt saman i strid. <sup>20</sup> **For Herren laga det slik at dei forherda hjarta sitt og drog ut i krig mot Israel, så dei skulle verta slegne med bann og ingen nåde få, men verta øydelagde slik Herren hadde gjeve Moses påbod om det».**

**Altså: Korleis skal vi tenkje om ein Gud som forherdar menneskehjarte?**

## Forherding

Det hebraiske og greske ordet som vert omsett med forherding, betyr å **gjere hardt, sterkt, tungt, sløvt, ufølsomt.**

**Jesaja 6:10** «*Gjer hjarta sløvt på dette folket, gjer øyra tunghøyrde og klin auga til, så dei ikkje skal sjå med auga og høyra med øyra, og slik at hjarta ikkje kan skjønna og venda om, så det kan verta lækt*».

## Forherding

Oftast heiter det at Gud forherdar, andre stader vert det tala om i bli forherda.

**2.Mosebok 7:22** «*Men dei egyptiske spåmennene gjorde det same med sine hemmelege kunster. Og hjarta åt Faraο vart forherda, han høyrde ikkje på dei, slik Herren hadde sagt*».

Også i desse tilfella er det tydeleg at det er Gud som står bak forherdinga.

## Forherding

Men på den andre sida heiter det også at menneske forherdar seg, eller forherdar sitt hjarta.

- **Ordspråka 28:14** «*Sælt er det mennesket som alltid fryktar. Men den som gjer hjarta sitt hardt, kjem i ulukke*».
- **1.Samuel 6:6** «*Kvifor vil de forherda hjarta dykkar, slik egyptarane og Farao forherda sitt hjarta? Måtte dei ikkje la dei fara og dra bort då han hadde late dei kjenna si makt?*»
- **Apostelgjerningane 19:9a** «*Men somme gjorde seg harde og ville ikkje tru*».

## **Av og til finn vi bydeord om at ein ikkje skal forherde seg:**

- **Hebrearabrevet 3:15** «*Når det vert sagt: I dag, om de høyrer hans røyst, forherda då ikkje hjarta dykkar liksom ved forbitringa*»,
- **Salme 95:8** «*Forherd ikkje hjarta dykkar, slik som ved Meriba, slik som på Massa-dagen i øydemarka!*»

Forherding kan altså kome både frå Gud, og frå mennesket. Dette må vi forstå slik at Guds forherding er hans svar på mennesket si forherding. **Gud forherdar den som forherdar seg mot han!**

**Når vi les i Bibelen: Det som er dunkelt/uklart ikkje må gjere uklart det som er klart. Derfor nokre klare ord:**

- **1.Tim 2:3-4** «Dette er godt og til behag for Gud, vår frelsar, <sup>4</sup> han som vil at alle menneske skal verta frelste og koma til å kjenna sanninga».
- **2.Pet 3:9** «Herren dryger ikkje med løftet, slik somme held det for dryging. Men han har tolmod med dykk, for han vil ikkje at nokon skal gå fortapt, men at alle skal koma til omvending».
- **Apg 17:30** «Etter at Gud har bore over med den tida då folk var uvitande, byd han no at alle menneske, kvar dei så er, skal venda om».
- **Esekiel 18:23** «Skulle eg ha lyst i at den gudlause dør? seier Herren Herren. – Trur de ikkje eg heller vil at han skal venda om frå vegen sin og leve?»



## Herren sende Jesaja til Israelsfolket med det tunge oppdraget:

- **Jesaja 6:10** «Gjer hjarta sløvt på dette folket, gjer øyra tunghøyrde og klin auga til, så dei ikkje skal sjå med auga og høyra med øyra, og slik at hjarta ikkje kan skjønna og venda om, så det kan verta lækt».
- **Matteus 13:15** «For hjarta åt dette folket har vorte sløvt, og med øyro høyrer dei tungt, og augo sine har dei late att, så dei ikkje skal sjå med augo eller høyra med øyro og skjønna med hjarta, og venda om så eg kunne få lækja dei».
- **Johannes 12:40** «— Han har gjort augo deira blinde og hjarto deira harde, så dei ikkje skal sjå med augo og skjønna med hjarta og venda om, så eg kan lækja dei».

**Men denne forherdinga var altså ei følgje av folket si eiga forherding, trass i Herrens kall, påminningar og åtvaringar.**

- **Jesaja 65:2** «Heile dagen breidde eg ut hendene mine til eit trassig folk, som går på den vegen som ikkje er god, og fylgjer sine eigne tankar ...».
- **Romerbrevet 10:21** «Men til Israel seier han: Heile dagen rette eg hendene mine ut til eit ulydig og trassig folk».
- **Jesaja 55:6** «Søk Herren medan han er å finna, kalla på han den stund han er nær»!

## **Kva er årsak til forherding?**

**Hebrearabrevet 3:13** «*Men forman kvarandre kvar dag, så lenge det heiter i dag, så ingen av dykk skal forherdast **ved at synda dårar han***».

**Problemet:** Det er menneska sitt bedragerske hjarte som lett vil gjere motstand mot Gud.

## **Korleis forhindre forherding?**

**Guds ord vender aldri tomt tilbake. Jes 55:10-11** «*Ja, liksom regnet og snøen fell ned frå himmelen og ikkje fer opp att dit, men vatnar jorda og får henne til å bere og gro, så ho gir såkorn til såmannen og brød til den som et, <sup>11</sup> slik skal ordet mitt vere, det som går ut frå munnen min. Det skal ikkje vende tomt attende til meg, men det skal gjere det eg vil, og ha framgang med alt som eg sender det til».*

## Når menneska står imot Ordet, kan Gud «forsterke» motstanden

- **Romarbrevet 1:18** «Guds vrede vert openberra frå himmelen over all gudløyse og urettferd hjå menneske som held sanninga nede i urettferd».
- Men «endå dei kjende Gud, æra eller takka dei han ikkje som Gud» (vers 21a).

Og kva gjorde Gud då?

- «Difor gav Gud dei i deira hjartans lyster over til ureinskap ...» (vers 24a).
- «Difor gav Gud dei over til skammelege lyster ...» (vers 26a).
- «Og då dei såleis ikkje brydde seg om å eiga Gud i kunnskap, gav Gud dei over til eit udugeleg sinn, så dei gjer slikt som ikkje sømer seg» (vers 28).

Det ser altså ut som at Gud gir dei over til noko som er verre enn det dei starta med.

## Farao

**Eksempelet Farao, 2.Mos 4:21** «Og Herren sa til Moses: Når du no vender attende til Egypt, sjå då til at du gjer alle dei undera eg har gjeve deg makt til å gjera, framfor augo på Farao. Men eg vil forherda hjarta hans, så han ikkje lèt folket fara».

## Farao

Gong på gong vart Farao møtt med Herrens ord: **2.Mos 5:1** «Deretter gjekk Moses og Aron inn til Farao og sa: Så seier Herren, Israels Gud: Lat folket mitt fara, så dei kan halda høgtid for meg i øydemarka!»

Og som det var forutsagt, kan vi lese fleire stader: **2.Mos 7:13** «Men Faraos hjarta vart forherda, og han høyrde ikkje på dei, slik Herren hadde sagt».



## **Farao**

**Guds hensikt: 2.Mosebok 9:16** «*Men derfor reiste eg deg opp, så eg kunne vise deg makta mi, og namnet mitt kunne verte kunngjort over heile jorda*».

**Gud er suveren. Rom 9:18** «*Altså: Kven han vil, den miskunnar han, og kven han vil, den forherdar han*».

## Jesu møte med dei religiøse leiarane

**Tidleg i Markus helbreder Jesus ei vissen hand til ein mann: Markus 3:4-5** *«Så sa han til dei: Er det tillate på sabbaten å gjere godt eller å gjere vondt, å berge liv eller å slå i hel? Men dei sa ingenting. Då såg han rundt omkring på dei, harm og full av sorg over deira forherda hjarte».*

## Jesu møte med dei religiøse leiarane

Men kvifor ser det ut til at dei religiøse leiarane alt hadde forherda sitt hjarte alt ved starten av Jesu gjerning? Her kjem døyparen Johannes inn.

**Lukas 7:28-30** «Eg [Jesus] seier dykk: Større profet enn Johannes er ingen av dei som er fødde av kvinner. Men den minste i Guds rike er større enn han. <sup>29</sup> Og alt folket som høyrde han, tollmennene med, gav Gud rett og lét seg døypa med Johannes-dåpen. <sup>30</sup> Men farisearane og dei lovlærde gjorde Guds råd til inkje for seg og lét seg ikkje døypa av han».

## Jesu møte med dei religiøse leiarane

Når Jesus talar i likningar er det fordi desse ikkje skal forstå:

**Markus 4:11-12** «*Han sa til dei: Løyndomen om Guds rike vert gjeve til dykk. Men til dei som er utanfor, vert alt sagt i likningar, <sup>12</sup> for at dei skal sjå og sjå og ikkje skilja, høyra og høyra og ikkje skjøna, så dei ikkje skal venda om og få tilgjeving*».

## Jesu møte med dei religiøse leiarane

Det er **sorg** som pregar Jesus over denne tilstanden, **Matt 23:37** «Jerusalem, Jerusalem! Du som slår i hel profetane og steinar dei som er sende til deg! Kor ofte eg ville samla borna dine, som ei høne samlar kyllingane sine under vengene. Men de ville ikkje».

## Eit ord til den kristne forsamlinga

**Hebrearabrevet 3:7-8** «*Difor, som Den Heilage Ande seier: I dag, om de høyrer hans røyst, <sup>8</sup>forherda då ikkje hjarto dykkar ...»*

**«Bibelen er ikkje gitt oss for å auke vår kunnskap, men for å forandre våre liv».**

**Husk:** Forherding betyr å gjere hardt, sterkt, tungt, sløvt, ufølsomt.

## Historia om kong Manasse.

**2.Kong 21:4-6** «*Han bygde altar i Herrens hus, endå Herren hadde sagt: I Jerusalem vil eg la namnet mitt bu.  
5 Han bygde altar for heile himmelhæren i begge føregardane til Herrens hus. 6 Han lét son sin gå gjennom elden og gav seg av med å spå av skyene og tyda varsel. Han skaffa seg daudingmanarar og spåmenn. Han gjorde mykje som var vondt i Herrens augo, så han vekte harmen hans*».

## Historia om kong Manasse.

- **2.Kong 21:9** «*Manasse førde dei [folket i Juda] vilt, så dei gjorde endå meir vondt enn dei heidningfolka Herren hadde utrydda for Israels-bornar*».
- **2.Kong 21:16** «*Manasse rende ut så mykje skuldlaust blod at han fylte Jerusalem med det frå ende til annan. Dessutan lokka han Juda til å synda og gjera alt det som vondt var i Herrens augo*».



## Historia om kong Manasse.

**2.Krøn 33:10-11** «Herren tala til Manasse og folka hans, men dei brydde seg ikkje om det. <sup>11</sup> Difor lét Herren hærførarane til assyrarkongen kome over dei. Dei fanga Manasse med krokhar og batt han med to koparlekkjer og førde han til Babel».

## **Historia om kong Manasse.**

**2.Krøn 33:12-13** «Men då han var komen i naud, bad han til Herren sin Gud og audmykte seg djupt for åsynet til sine fedrars Gud. <sup>13</sup> Og då han bad til Herren, vart han bønheyrde. Herren høyrde det audmjuke ynsket hans og førde han tilbake til Jerusalem, så han fekk att riket sitt. Då sanna Manasse at Herren er Gud».

**HUSK:** Så lenge Gud er i aksjon, er det håp!